



Kommunane i Møre og Romsdal

## Beredskap i etterpåklokkens tid - invitasjon til konferanse 14.-15. mai

22. juli-kommisjonen sin rapport, etterfølgjande stortingsmeldingar, rettssaka og kvar og ein sine erfaringar og refleksjonar etter terroråtaka 22. juli 2011 har danna grunnlag for den mest gjennomgåande analysen og diskusjonen av norsk beredskap nokon gong. I litt mindre skala, men også viktig, sette ekstremvêret Dagmar betimeleg søkjelys på samfunnet si sårbarheit overfor naturkreftene.

Kloke folk har sagt at beredskap handlar om å vere etterpåklok på førehand. Sjeldan eller aldri har det i Noreg lege betre til rette for å vere etterpåklok enn nett no.

**Når fylkesmannen inviterer til konferanse 14. og 15. mai, er målet vårt å sette søkjelyset på den kommunale beredskapen. Kvar står vi eigentleg i 2013? Vi vil sjå litt bakover, men mest framover. Kva rammer, styringssignal og trendar er det som skal ligge til grunn for godt kommunalt beredskaphandverk i 2013 – og åra framover.**

Vi håpar på mange, engasjerte deltakarar. Får vi det, blir det interessante dagar med ei god blanding av erfaringsdeling, presentasjon av nytt og nyttig, konkrete avklaringar av det alle lurer på, diskusjon av det diskutabile og inspirasjon som kan takast med heim.

Målgruppa er brei: Alle med ansvar eller oppgåver innanfor kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Det er vanskeleg å presisere nærare. Medlemmene i kommunen si kriseleiing kan vere eit greitt utgangspunkt, men vurder sjølve utfrå det de ser i programmet.

Konferansen er lagt til Rica Seilet Hotel i Molde.

### Påmelding og pris

Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, [fylkesmannen.no/mr](http://fylkesmannen.no/mr), under lenka «kurs og konferansar». **Frist for påmelding: 8. mai 2013.**

Det er mogleg å delta berre ein av dagane. I tillegg til dekking av det hotellet skal ha (dagpakkar og ev. overnatting), er det sett ei konferanseavgift på kr 500,- per person per dag. Dei samla prisane framgår av påmeldingsalternativa på nettet.

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til Kjellaug F. Finnøy på telefon 71 25 80 67 eller epost: [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no). Spørsmål om programmet eller opplegget kan elles rettast til Ketil Matvik Foldal på telefon 71 25 84 83 eller epost [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no).

Med helsing

Lodve Solholm

Ketil Matvik Foldal  
Fylkesberedskapssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg: Program